

RADØY KOMMUNE  
Radøyvegen 1690  
5936 MANGER

Dato: 08.03.2018  
Vår ref.: 2016/6549-28  
Saksbehandlar: kjeomar  
Dykkar ref.:

## Fråsegn til områderegulering for Haukeland Søndre - gnr. 84 bnr 4 mfl. Radøy kommune

Vi viser til brev datert 11.12.2017 om høyring av forslag til områderegulering for Haukeland Søndre – gnr. 84. bnr 4. Grunna kapasitetsmangel og ferieavvikling rakk vi dessverre å kome med fråsegn innan høyringsfristen 26.01.2018. Vi sender her kulturminnefagleg fråsegn frå Hordaland fylkeskommune.

Hordaland fylkeskommune vurderer områdeplanen ut i frå fylkeskommunens sektoransvar og målsettingar i regionale planar, i tillegg til vårt fråsegn til oppstartmeldinga datert 08.08.2016. For utfyllande planfaglege råd viser vi til internettsidene våre: [www.hordaland.no/plan/startpakke](http://www.hordaland.no/plan/startpakke).

### Vurdering

#### Kulturminne og kulturmiljø

Hordaland fylkeskommune har vurdert saka som regional styresmakt for kulturminnevern.

I samband med varsel om oppstart av planarbeid på gnr. 84, bnr. 4 mfl. på Haukeland Søndre varsla Hordaland fylkeskommune arkeologisk registrering. Registreringa vart utført 09.05.-10.05, 15.05.-16.05. og 19.05.2017. Den påviste to automatisk freda kulturminne - eit aktivitetsområde frå bronsealder-jernalder (Askeladden id. 230316) og ein steinalderbuplass (Askeladden id. 230317).

Begge automatisk freda kulturminna er godt ivaretatt gjennom føresegner og plankart med omsynssone H730\_1 og H730\_2, bandlegging etter kulturminnelova, og omsynssone H570, bevaring kulturmiljø. Vi har difor ingen vidare merknad i saka i høve automatisk freda kulturminne.

Hordaland fylkeskommune minner om at ein under opparbeiding av feltet bør søkje å unngå inngrep i/skade på eventuelle kulturlandskapstrekk som steingardar, eldre vegar/stiar, bakkemurar, tufter m.m.

Elles gjer vi merksam på meldeplikta etter kulturminnelova § 8, 2. ledd. Dersom automatisk freda kulturminne som gjenstandsfunn, flekkar med trekol eller konstruksjonar vert avdekt under gjennomføring av tiltaket, må dette straks meldast til Hordaland fylkeskommune, og arbeid stansast til funnet er vurdert.

Eva Katrine R. Taule  
fagleiar kommunal plan

Kjetil Bø Omarstrand  
saksbehandlar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

Saksbehandlar:

Kjetil Bø Omarstrand, Seksjon for plan - REG AVD, REGIONALAVDELINGA

Monika Cecylia Serafinska, Fylkeskonservatoren, Kultur- og idrettsavdelinga

Kopi til:

FYLKESMANNEN I HORDALAND

Statens vegvesen - Region Vest